



KYSTVERKET

Alver Kommune

Vår ref
2021/5354-4

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
19.05.2021

Svar - Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Feste kai og næringsområde - Alver kommune - Vestland fylke

Viser til epost den 19.mai 2021, der skisse med koordinater for ny flytebrygge ved Feste kai er oversendt.

Kystverket gjekk den 11.mai 2021 i imot at Alver kommune gir dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til hamneområde i sjø om området kjem inn i areal til farleia. Tiltak kan ikkje komma ut i arealet til farleia, dvs. ikkje lengre ut i farleia enn kva eksisterande flytebrygge allereie gjer. Dette har Kystverket gitt melding om ved fleire høve;

17.7.2018: Motsegn til reguleringsplan for Feste kai

«Ut i frå trafikkbilde har Kystverket vurdert at planlagt flytebrygge kjem så langt ut i farleia «2262-Alvesund-Fonnesstraumen» at tiltaket er til fare for tryggleiken og framkoma i farvatnet.»

25.1.2019: epost til søkjar og sakshansamar i Lindås kommune:

«Kystverket kan dessverre ikke imøtekomme innsendt forslag. Et eventuelt flytebryggeanlegg må i sin helhet holdes innenfor kommunens sjøområde (lyse blått areal) og ikke innenfor grønt område (farled)».


Sjøområdet utanfor Feste kai er eit særleg vanskeleg område for dei sjøfarande, og det er ikkje noko å gå på her. Det er difor vi gjentar at tiltaket ikkje kan komma ut i arealet til farleia.


Georeferering av tiltaket syner at ytterpunkt på flytebrygga kjem ut i arealet til farleia.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766





Kystverket kjem i møte ny teikning der hamneområdet er trekt inn slik at det ikkje kjem i konflikt med arealet til farleia.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
narbutikken.feste@narbutikken.no

